

Årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesutval

Samansetting av Ungdommens fylkesutval

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Agnes H. Bernes	Leiar	UFU	1 år
Gard Johanson	Nestleiar	UFU	1 år
Cecilie Fredheim	Medlem	UFU	1 år
Benedicte Hellestveit	Medlem	UKS Kvinnherad	1 år
Lars Helle Fauske	Medlem	Sund ungdomsråd	1 år
Hedda Emilie Hidle	Medlem	Bømlo ungdomsråd	2 år
Vegard Kleppe	Medlem	Vaksdal ungdomsråd	2 år
Stine Hegdal	Varamedlem	UKS Austevoll	1 år
Thomas Valdersnes	Varamedlem	Radøy ungdoms	1 år
Olve Akselsen	Varamedlem	Stord ungdomsråd	1 år
Emma Franck-Gwinnell	Varamedlem	UKS Askøy	1 år
Endre Hagen	Varamedlem	Vaksdal ungdomsråd	1 år

Samansetting av desisjonskomiteen

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Erlend Risvand Mo	Leiar	Tidligere delegat frå Askøy	1 år
Mikael Persson	Medlem	Desisjonskomiteen	1 år
Renate Kvam Lodden	Medlem	Desisjonskomiteen	1 år

Arbeid i dei ulike områda:

Eigen organisasjon – Cecilie, Benedicte og Thomas

I 2014 har UFU gjort grep for å prøve å bli meir effektive og meir synlege.

Ein av dei store forskjellane frå tidlegare år er at me har organisert oss annleis innåt i UFU.

Medlemmer og varamedlemmer har blitt delt inn i fire ansvarsområder; Opplæring og helse, Kultur og ressurs, Samferdsel og Eigen organisasjon. Den nye organiseringa gjer at me arbeider mykje meir effektivt og målretta med politikken ungdommen i fylket bestemte på Ungdommens fylkesting 2014.

Me har òg hatt eit ekstra fokus på å synleggjere oss sjølve denne perioden. I løpet av året har me mellom anna presentert oss for administrasjonen i HFK, fylkestinget og fylkesutvalet. Gjennom året har me jamleg oppdatert facebook-sida vår for å gjere det lettare for andre å følgje med kva me driv på med. I tillegg har me fått ei ny og betre nettside. Benedicte var mellom anna på eit frukostseminar om sosiale medium for å få litt tips til arbeidet med dette.

I tillegg har me hatt eit ynskje om å forbetre samarbeidet med ungdomsråda/ungdommens kommunestyre i fylket. Benedicte hadde eit foredrag om UFU og faktorar som har betydning for å få eit velfungerande ungdomsråd på ein fagdag på Stord. Me har òg vore rundt på ungdomsrådsmøter i fylket og prata om UFT og UFU. I tillegg deltok me på Barne- og ungdomskonferansen i Kongsberg.

Det er òg starta ein prosess med oppretting av eit Ungdommens Storting. I tett samarbeid med Sentralt ungdomsråd i Oslo har UFU fått liv i debatten rundt Ungdommens storting. I tillegg har det blitt oppretta Nasjonalt ungdomsråd som skal jobbe for å planlegge utforminga av eit nytt Ungdommens storting.

Opplæring og helse – Vegard og Emma

I løpet av kalenderåret 2014 så har vi i opplæring og helse skrive uttale om fráværregelementet, klinikkstrukturplanen og Norges Realfag Gymnas. Vi har ikkje vore i kontakt med It's Learning angående mobil applikasjon, men det har kome ein. Vi har fått svar på mange orienteringar om; studierettleiingstenesta og rådgivingstenesta, garanti på elev-pc til elever ved utdanningstilbodet TAF, anonyme tilbakemeldingar frå elevar om lærar. Vi i opplæring og helseutvalet i Ungdommens Fylkesutval har i år vore på møte fleire gonger med opplæring- og helseutvalet i fylkeskommunen, samt vore på to konferansar i Oslo. Vi deltok på Voksne for Barn sin konferanse Utenforskap og Inkludering i slutten av april, midt i november deltok vi på Ungdatakonferansen.

Samferdsel – Lars og Olve

2014 byrja som eit godt år for samferdsel. På dialogdagen fekk me ei orientering frå Alf Helge Greaker som er nestleiar i samferdselsutvalet. Orienteringa gjekk ut på korleis ein best skulle arbeide for å påverke prosessane i Hordaland. Me fekk også ei orientering frå Håkon Rasmussen, direktør for samferdselsavdelinga, der han gjekk meir inn på konkrete politiske saker me kunne komme med uttale til. Dessverre har samferdsel i UFU vert plaga av frávær, men leiar og nestleiar har prøvd å ta igjen arbeidet her. Samferdsel har fått gjennom mellom anna at busskortet skal gjelde for nordlige delar av Rogaland, ei gjeninnføring av studentrabatten og me fekk skrive ein uttale til prisauke for bussane, men me blei ikkje høyrd. Grunna frávær og lite arbeid på samferdsel har me valt å la mange av punktane under samferdsel i ungdommens planprogram stå vidare i vårt nye forslag til ungdommens planprogram.

Kultur og ressurs – Hedda og Stine

Året 2014 har Kultur & ressurs fått orienteringar angående folkehelseplanen, kulturtilboda for ungdom i Hordaland og Klimaplanen 2014-2030. Vi i Kultur & ressurs har arbeida i lag med Kulturkortet, som har endra namn til HFKOpp, for å halde fram og forbetre kulturtilboda. Samarbeidet mellom UFU og HFKOpp har vore bra året 2014.

Kultur & ressurs har i løpet av 2014 skrevet uttale til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og Klimaplanen 2014-2030. Vi har også skrevet ein uttale angående innføring av skulefrukt i den vidaregåande skule, men vi har ikkje formidla denne vidare. I høyringsuttale til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 ble det tatt fram å styrke, modernisere og gjere museum meir attraktive for ungdom. Uttalen til Klimaplanen 2014-2030 hadde ein medverking i vidare prosessar, noko som var positivt for Ungdommens fylkesutval. Kultur & ressurs fekk ein plass i Klimarådet, kor Stine Hegdal i Kultur & ressurs, Ungdommens fylkesutval, satt året 2014.

Dato	Møtestad
12.12.2014	Fylkeshuset
14.11.2014	Montana Vandrarheim
04.11.2014	Fylkeshuset
17.09.2014	Fylkeshuset
29.08.2014	Fløksand, Meland
19.06.2014	Fylkeshuset
21.05.2014	Fylkeshuset
30.04.2014	Fylkeshuset
11.04.2014	Fylkeshuset
28.03.2014	Fløksand
05.02.2014	Fylkeshuset

Administrasjonen

2014 er det fyrste året Hordaland fylkeskommune har hatt fullt ansvar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval eit heilt år. Året har vore brukt til å fastsette ein del rutinar og å knyte kontakt med fagavdelingane og politikarar. Hordaland fylkeskommune har tre tilsette som jobbar for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval. Det er Ingeborg Borgen Takle, som er rådgjevar og sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, Dianne Kilvær, som organiserer store arrangement som Nettverkssamlinga og Ungdommens fylkesting og som tek seg av bestilling av reiser, påmelding til kurs og hotellovernattingar, og Thamina Akter Khan som tek seg av bestilling av møterom og mat og drikke til desse. Alle tre er tilsett i organisasjonsavdelinga til Hordaland fylkeskommune. Samarbeidet mellom administrasjonen og Ungdommens fylkesutval har gjennom året vore bra.

Økonomi

Ungdommens fylkesutval har gjennomført to store arrangement, Ungdomens fylkesting og Nettverkssamlinga (sistnemnte over to dagar), og har vore aktivt med på kurs, konferansar, og andre arrangement, i tillegg til å hatt mange møter. På tross av dette har Ungdommens fylkesutval klart å halde seg innanfor budsjetttramen på 230 000 kr med ein balanse på 44 000 kr i pluss.

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik
Rådsmøter	40500	34000	-6500
Eigen organisasjon	3500	11000	7500
Kurs og konferansar	26000	40000	14000
Nettverkssamling	51000	63500	12500
Ungdommens fylkesting	65000	81500	16500
Totalt	186000	230000	44000

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	4000	16500	12500
11150 Beverting/matvarer	137000	119000	-18000
11231 Møteutgifter	109000	190500	81500
11401 Gåver	5000	7000	2000
11500 Kurs / kompetanseheving	10000	47500	37500
11600 Bilgodtgjersle	8000	5000	-3000
11610 Kostgodtgjersle	5000	0	-5000
11696 Honorar	7000	10000	3000
11700 Reiseutgifter	25000	19500	-5500
Totale utgifter	310000	415000	105000
16231 Inntekt kursverksemd	124000	185000	61000
Totale inntekter	124000	185000	61000
Balanse	-186000	-230000	-44 000

Det er nokre postar kor ein har gått over budsjettet og det er i hovudsak i samband med reise. Enten direkte reise eller diett i samband med reise. Dette er pengar ein får når ein reiser langt og må ete på vegen. Budsjettet er på desse punkta overskride med 13 500 kr. Det andre området der ein har overskride budsjettet er på bevertning/matvarer. Det gjeld utgifter til mat på møter i Ungdommens fylkesutval og i samband med Ungdommens fylkesting. Når det gjeld det sistnemte er dette ein utgiftspost som korresponderer med ein inntektspost. Grunna til det er at det er kommunane som betalar hovudparten av kostnadane ved overnatting og mat under Ungdommens fylkesting via ein eigenandel som vert betalt for å delta. Så dess fleir som deltek dess høgare vert utgifter til mat og dess høgare vert inntekta. Det er altså pengar som kjem inn og så vert betalt ut igjen med ein gong.

På alle dei andre postane har det vore brukt mindre, og til dels mykje mindre, enn det var budsjettet. Særskilt på Kurs/kompetanseheving har ein brukt 35 000 kr mindre enn planlagt. Ein forklaring kan vere at når denne posta vart auka under Ungdommens fylkesting rekna ein inn utgifta ved reise og opphald og under denne posten. Det kan ein sjå igjen på at utgifter til reise har gått over budsjett. Også møteutgifter var mykje lågare, men og her kan ein sjå ein samanheng med at dei store summene som fell på denne og på Beverting/matvarer. Kostnadane til Ungdommens fylkesting og Nettverkssamlinga har kanskje vore plassert feil, enten i budsjettet eller i rekneskapet. Det er og to slike postar som aukar og minskar tilsvarande med inntekta og talet på deltakarar. Alt i alt kan ein vere nøgd med eit rekneskap som visar til stor aktivitet, og framleis ligg innafor budsjett.»

Oppsummerande ord frå leiar

2014 har vert eit spennande og viktig år for UFU. Me har jobba godt med politikken vår, fått mykje til men også lært at det ikkje alltid er like lett å få gjennomført alt. Me har fått reist landet rundt, vert i Oslo, Kongsvinger, Trondheim og Karasjok. Me har og fått vere med på spennande arrangement som grunnlovsseilassen i mai som me arrangerte med Ungdommens bystyre, og me fekk vere med på festmøte i Korskyrskja og Grunnlovsmiddagen. Me var å talte på fylkestinget og leiar og nestleiar hadde møte med fylkesordføraren. I året som har gått har me hatt fleire helgemøter enn tidligare år. Dette har gjort at me har kunne arbeida meir effektivt, samtidig som me blir betre kjend med kvarandre.

Det har vert svært spennande å vere leiar i UFU, men det har og vert kravsamt til tider. Eg set uansett utruleg stor pris på alle dei kjekke opplevingane og erfaringane eg har fått i året som leiar. Eg vil takke Gard, Cecilie, Hedda, Benedicte, Vegard, Stine, Lars, Endre, Olve og Emma for eit flott år, dykk er ein fantastisk gjeng!